

**PERSONVERNERKLÆRING
FLORØ SK HANDBALL**

Personvernerklæring

Denne personvernerklæringa handlar om korleis Florø Sk Handball (Klubben) samlar inn og brukar personopplysningar om deg. Vi ynskjer at du skal føle deg trygg på at vi fylgjer lover og regler, enten du er medlem i klubben vår eller vitjar våre nettsider.

Innhald

1. Kontaktinformasjon
2. Handsamingsansvarleg
3. Handsaming av personopplysningar
4. Føremål og grunnlag for behandling av personopplysningar
5. Kva opplysningar vert handsama?
6. Tilgang til informasjonen
7. Direkte marknadsføring
8. Korleis sikrar vi opplysningane?
9. Kor lenge tar vi vare på personopplysningar?
10. Dine rettar
11. Endringar i erklæringa

1 Kontaktinformasjon

Dersom du har spørsmål eller kommentarer til denne erklæringa eller korleis vi handsamer personopplysningar, kan du kontakte oss på info@florohandball.no eller per post FLORØ SK HANDBALL, Postboks 150, 6905 FLORØ

2. Handsamingsansvarleg

Florø Sk Handball, ved styrets leiar, er ansvarleg for klubben si handsaming av personopplysningar.

3. Handsaming av personopplysningar

Denne Personvernerklæringa gjeld for alle brukarar av nettsider Klubben har oppretta sjølv, eller sider frå 3. part, som klubben kjøper tenester frå (t.d. medlemsregistrering, cup-påmelding).

4. Føremål og grunnlag for handsaming av personopplysningar

Florø SK Handball innhentar og behandlar personopplysningar knytt til medlemskap og deltaking i klubben sine aktiviteter. I tillegg til vår eiga heimeside www.florohandall.no nyttar vi 3. part (Min Idrett <https://minidrett.nif.no>) til medlemsregister og Profixio <https://www.profixio.com/reg/> til cup-påmelding).

5. Kva opplysningar vert handsama

Florø Sk Handball handsamer både personlig identifiserbare informasjon, og ikkje-personleg identifiserbar informasjon om deg. Personleg identifiserbar informasjon er opplysningar som identifiserer deg som enkeltperson. Ikkje personleg identifiserbar informasjon er informasjon og andre opplysningar som ikkje avdekkjer din personlege identitet.

Eksempel på personlig identifiserbare informasjon som vil bli behandla:

- I vårt medlemsystem blir du bedt om å fylle inn navn, fødselsdato, epost, telefonnummer, adresse, kjønn, og idrettsgrein
- Ved påmelding til cup/handballskuler blir du bedt om å registrere navn, fødselsår og kontaktopplysningar, eventuelle allergier eller forhold vi skal vere særskilt merksame på.
- Når du sender epost blir navn og epostadresse kunne bli lagra
- Når du vitjar www.florohandball.no vert di ip-adresse registrert. Florø SK Handball knytter ikkje denne opplysninga direkte til deg som brukar. Opplysningane nyttar vi til å administrere og vedlikehalde sidene våre. Eksempel på kva statistikken gjev svar på er kor mange som vitjar sidene våre, nasjonalitet, søkeord. Denne informasjonen gjer det mulig for oss å utarbeide betre og meir brukarvenlege tilbod.

6. Tilgang til informasjon

For å sikre at handsaming av personopplysningar skjer på ein trygg måte, er det kun godkjende personer i Florø Sk Handball som har tilgang til informasjonen du gir oss. Antal personer med slik godkjenning er begrensa.

Vi vil ikkje avsløre, selge, distribuere, dele, videresende eller på anna måte utlevere opplysningar eller personleg informasjon til nokon tredjepart.

7. Direkte marknadsføring

Vi tillet ikkje ein tredjepart å bruke dine personopplysningar for marknadsføring eller kommunikasjonsføremål.

8. Korleis sikrer vi opplysningane?

Florø Sk Handball vil alltid sørge for forsvarlig og lovleg handsaming av personopplysningar, og kun nytte slik informasjon til uttrykkeleg angitte og legitime føremål, i samsvar med relevant lovgjevnad. Vi vil sørge for forsvarleg informasjonssikkerhet knytt til konfidensialitet, integritet og tilgjengelighet. Personopplysningar vil ikkje lagrast lenger det som er nødvendig for å gjennomføre formålet med handsaminga.

Vi vil sjå til at våre datahandsamarar, som har tilgong til opplysningar om deg, behandler dine personopplysningar i samsvar med denne erklæringa og med våre plikter etter personvernlovgjevinga.

9. Kor lenge tar vi vare på dine personopplysningar?

Vi lagrar innsamla personopplysningar så lenge vi meiner det er naudsynt for å oppfylle formålet med innsamlinga.

Når innsamla personopplysningar ikkje lenger er naudsynte for oss vert dei sletta på ein sikker måte. Vi kan handsame opplysningane for statiske føremål, men ved slike høve blir opplysningane anonymisert.

Vi slettar personopplysningar når ein brukar gir beskjed om at han/ho ikkje lenger er medlem.

10. Dine rettar

Som hovudregel har du rett til innsyn, retting og sletting av personopplysningar som Florø Sk Handball handsamer om deg. Personvernregelverket gjev deg i visse situasjonar rett til å kreve begrensning av handsaminga, til å gjere innsigelsar mot handsaminga, og til å få utlevert opplysningar. Du har og rett til å trekke tilbake samtykke til handsaming av personopplysningar om deg. Dette vil gjerne innebære at du avslutter medlemskap i Florø Sk Handball.

Dersom du ynskjer utøve desse rettane, ber vi om at du tar kontakt med klubben sin handsamingsansvarleg. Sjå kontaktopplysningar innleiingsvis i erklæringa.

11. Endringer i erklæringa

Florø Sk Handball tek atterhald om å endre eller oppdatere Personvernerklæringa. Alle endringar er gjeldande frå dei leggast ut, og vil omfatte informasjon samla inn frå den datoen så vel som eksisterande informasjon lagra av Florø Sk Handball. Du kan finne ut når desse retningslinjene sist vart revidert ved å sjå «sist oppdatert» øverst på denne sida.